



Innkalling Formannskapet

Møtedato: 03.11.2022
Møtested: Austrheim samfunnshus
Møtetid: 10:00 - 15:30

Forfall skal meldast til Servicekontoret t. 56162000/post@austrheim.kommune.no
Varamedlem møter berre etter nærare innkalling

Saksliste

Saksnr	Tittel
106/22	Godkjenning av innkalling og saksliste
107/22	Godkjenning av møteprotokoll
108/22	Orienteringssak, kommunedirektøren orienterer
109/22	Kommunedirektøren sitt framlegg til Handlings- og økonomiplan 2023-2026 og budsjett 2023

Austrheim 1. november 2022

Per Lerøy
ordfører

Ketil Tjore
møtesekretær

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
106/22	Formannskapet	PS	03.11.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	22/1135

Godkjenning av innkalling og saksliste

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Saksopplysninger:

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
107/22	Formannskapet	PS	03.11.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	22/1135

Godkjenning av møteprotokoll

Vedlegg:

Protokoll - Formannskapet - 20.10.2022

Framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

Saksopplysninger:



Møteprotokoll Formannskapet

Møtedato: 20.10.2022
Møtestad: Austrheim samfunnshus
Møtetid: 08:30 - 14:10

I samband med områdeplan for Ikornsåta på Kaland/Fonnes blir det synfaring saman med grunneigarane og konsulentselskapet.

Det er sendt eigen invitasjon til synfaringa, som startar klokka 10.00.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Per Lerøy	AP	Ordførar
Morten Sognes	H	Medlem
Helge Dyrkolbotn	KRF	Medlem
Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn	SP	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Inger Lise Brekke	H	Varaordførar

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle
Ann Kristin Leirvåg	AP	Varamedlem
Aslak André Bakke	H	Varamedlem

Desse møtte frå adminstrasjonen:

Christopher Marius Straumøy, Ketil Tjore, Kim Andrè Vangberg, Kristin Nesbø, Odd Harald Dommersnes,

Austrheim 21. oktober 2022

Per Lerøy
ordførar

Ketil Tjore
møtesekretær

Sakliste

Saknr	Tittel
088/22	Godkjenning av innkalling og saksliste
089/22	Godkjenning av møteprotokoll
090/22	Meldingar
090/22.1	Innkalling og saker til representantskapsmøte 24.10.2022
091/22	Delegerte saker
092/22	Orienteringar v/kommunedirektøren
093/22	Dispensasjon til Naust på gbnr. 160/94 - Sævrøy
094/22	Dispensasjonssøknad Riving av Notbu og oppføring av nytt bygg - Gbnr. 132/9 - Utkilen
095/22	Dispensasjon til frådeling og naust - gbnr. 139/7 - Solend
096/22	Dispensjon til oppføring av Antennesystem med utstyrhytte - gbnr. 161/12- Bjørnøya
097/22	Skulesoge for Austrheim kommune
098/22	Energieffektivisering i kommunale bygg
099/22	Kommunedelplan for klima og energi for Austrheim kommune 2022-2032 - Godkjenning
100/22	Prosjekt - Menn i helse
101/22	Tertialrapport andre kvartal
102/22	Budsjettjustering andre tertial
103/22	Konsulentbruk og innkjøp av desse
104/22	Politisk styringsmodell for Austrheim kommune kommunestyreperioden 2023-2027
105/22	Møteplan for 2023

088/22: Godkjenning av innkalling og sakliste

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent

20.10.2022 FORMANNSKAPET

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at saka om ny politisk organisering må utsetjast delvis, i påvente av at ein får etablert gruppeleiarforum, som er det fora som skal innstilla i denne saka. Det var semje i formannskapet om at ein i løpet av møtet gjer klart eit vedtaksframlegg som utsetter deler av denne saka, og som berre seier kor mange medlemmer det skal vera i kommunestyret. Dette med tal medlemmer må vedtakast no, i forkant av valet i 2023.

Helge Dyrkolbotn (KrF) viste til sak 103/22 om innkjøp og konsulentbruk, og sa at han ikkje hadde venta at spørsmåla han hadde i førre kommunestyre skulle komma tilbake som politisk sak. Ordførar Bjørnar Fjellhaug svara at han kan orientera meir om dette i samband med at saka vert handsama.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke

FS - 088/22 - 20.10.2022 - Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

089/22: Godkjenning av møteprotokoll

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

20.10.2022 FORMANNSKAPET

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS - 089/22 - 20.10.2022 - Vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vart godkjent

090/22: Meldingar

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Meldingane vert tekne til orientering

20.10.2022 FORMANNSKAPET

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS - 090/22 - 20.10.2022 - Vedtak:

Meldingane vart tekne til orientering

090/22.1: Innkalling og saker til representantskapsmøte 24.10.2022

Kommunedirektøren sitt framlegg:

20.10.2022 FORMANNSKAPET

FS - 090/22.1 - 20.10.2022 - Vedtak:

091/22: Delegerte saker

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Delegerte saker vert tekne til orientering

20.10.2022 FORMANNSKAPET

Sakshandsamar Christopher Straumøy orienterte om dei delegerte sakene.

Per Lerøy (Ap) spurte om gebyret som vert teke for rehabilitering av pipe, der Austrheim kommune tar 8.000 kroner og nabokommunen Alver 1.900, og ordføraren ba om at ein ser på tilbakeføring.

Sakshandsamar Christopher Straumøy svara at administrasjonen ser på dette, og vil komma tilbake med ei sak som omfattar lågare gebyr og ei tilbakeføring av allereie betalte gebyr. Det ser ut for at dette med rehabilitering av pipe har falle litt gjennom i samband med utarbeiding av gebyrregulativet.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS - 091/22 - 20.10.2022 - Vedtak:

Delegerte saker vart tekne til orientering

092/22: Orienteringar v/kommunedirektøren

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Orienteringane vert teke til vitande.

20.10.2022 FORMANNSKAPET

Einingsleiar teknisk drift, Rolf Henning Myrmel, orienterte om skuleprosjekta, Kaland og Årås.

31. oktober startar ein arbeidet på Årås skule, først riving og deretter start bygging i veke 48.

På Kaland skal ein starta i veke 48, og Kaland 1 skal rivast i veke 51.

Er ei forskyving av kostnader der ein brukar mindre enn planlagt i 2022, og dette vert teke først i 2023.

Helge Dyrkolbotn (KrF) spurte om framdrift skuleprosjekt, Myrmel svara at det er teke sikt på at ein skal vera ferdig til skuleslutt i juni. Har gjort tilpassingar opp mot skuledrifta for å sikra best mogleg

samarbeid.

Einingsleiar teknisk drift, Rolf Henning Myrmel, orienterte om arbeid med gangveg Fønnes kai, der grunneigar har vore inne med førespurnad. Dette ligg som eit rekkefølgjekrav for vidare utbygging der. Kommunen har det ikkje i trafikksikringsplanen i dag og har ikkje midlar til dette. Kan anten gjera dette gjennom ein utbyggingsavtale med eller utan tilskot, men har ikkje midlar sjølv. Er eit prosjekt som kan komma på rundt 4 millionar med gjengs prisar på gangveg og veglys.

Per Lerøy (Ap) sa at ein må sjå dette i samanheng med andre arbeid i området, som nedlegging av høgspenteleidningar.

Einingsleiar teknisk drift, Rolf Henning Myrmel, orienterte om VA. Pumpestasjon Årås skal leverast denne veka, og pumpestasjon Åråsvågen om to veker, entreprenør vil starta innanfor ei veke med arbeidet dei skal gjera.

Ordførar Per Lerøy (Ap) spurte om anbod på gangveg Åråsvågen - Åråsfeltet og gangveg ved Nordiheimen, her svara Myrmel at ein er i gang med utarbeiding av anbodspapir.

Einingsleiar kultur Kari T. Utkilen orienterte om søknader til kultur.

- Austrheim svømmeklubb har søkt om bidrag til treningsleir der totalkostnad er 60.-80.000 kroner. Her er det tildelt 10.000 kroner frå kulturmidlar.
- Stiftinga Betania Leirvåg hadde eit 2021-underskot på 50.000. Tidlegare har dei fått støtte av kommunen, 75.000 i 2020, og dei ber om same sum for 2022. Eit forsamlingshus som dette passar ikkje inn i ordningar kommunen har, einaste er samfunnshuset som får 45.000 av kommunen. Ser for seg at det burde vera ei ordning der det var mogleg for ulike forsamlingshus å søka om støtte.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at det er bra at ein har funne midlar til symjegruppa, som i fleire år har fått drifta forpurra av ulike vedlikehaldsstansar. Driv bassenget for kommunen på ein god måte, og har eit godt tilbod. Elles sa ordføraren at det er bra om ein får på plass ei ordning for støtte til forsamlingshus.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa om støtte til forsamlingshus at det er betre å laga ei ordning heller enn å gje berre til nokre framfor andre. Heller leggja inn i budsjettarbeidet ei ordning for at ein kan søka om midlar til forsamlingshus.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om arbeidet med budsjett 2023 og økonomiplan for 2023-2026 (og anna):

- Dette er eit krevjande arbeid, tidsplanen no er å leggja det ut på høyring fredag 28. oktober, og første politiske handsaming i formannskapet torsdag 3. november.
- Jobbar med nye turnusar
- Jobbar med heiltidskultur
- Ser at det er utfordringar med rekruttering, av sjukepleiarar og andre
- Må ta ned utgifter/auka inntekter, elles er ein raskt inne på Robek igjen.
- Anne Hildegunn Færøy er tilsett som kommunalsjef helse og omsorg frå 1. januar 2023.
- Atle Vaage er tilsett som einingsleiar teknisk drift, frå 1. januar 2023.
- Frå 1. januar 2023 går kommunelege Peter Kubon av med pensjon, men tar til i ei ny 50 prosent stilling som kommuneoverlege, dette er utan kurativ verksemd.
- Avvikssystemet er i drift, så langt i år er det lagt inn 260 ulike avvik. Det er 41 avvik som har status til behandling, der ein jobbar med tiltak og anna.

Ann Kristin Leirvåg (Ap) spurte om avvikssystemet, og etterlyste at det vart sett frist (dato) for når ting skal vera i orden, og at det vart gitt tilbakemelding om oppfølging. Her svara kommunedirektør Fjellhaug at dette er noko som skal tas opp vidare, og bli formidla til dei ulike kommunalsjefane.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om arbeidet som er gjort i samarbeid med Apriil om "Flytt til Austrheim".

- Viktig å få nye innbyggjarar til kommunen. Ordførar Per Lerøy (Ap) supplerte med at dette starta med arbeidet til "Framtidsfylket Vestland", der det også vart laga eit magasin som var innstikk til Bergens Tidende og brukt på sosiale media. No ser ein på om det skal lagast eit eige flytt til Austrheim-prosjekt, men om dette skal realiserast vil prosjektet komma opp som eiga sak, og arbeidet må leggest ut på anbod.
- Helge Dyrkolbotn (KrF) spurte om det er laga noko avtalar med Apriil, her svara ordførar Lerøy at det ikkje er gjort avtalar utover annonsen i BT-innstikket (i 2021), og at Apriil har eit konsept som kommunen eventuelt kan gå inn på, men der må formannskapet seia ja, og så må ein henta inn anbod.
- Helge Dyrkolbotn (KrF) spurte om det er lagt opp til å spørja ungdommar som er aktuelle for å flytta heim, ordførar Lerøy (Ap) svara at det alt er delvis gjennomført allereie med ungdommar som var tilsette i kommunen.
- Bjørn Inge H. Dyrkolbotn (Sp) spurte om kor mange ein må få til å flytta hit for å forsvara ein kostnad på eit par hundre tusen. Ordførar Lerøy (Ap) svara at ein tener dette inn på ein familie, sidan innbyggjartilskotet er på 90.000 kroner per person.
- Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at det vil kosta kring 120.000 for å få på plass eit rammeverk for ei Heim til Austrheim-nettside, tanken er å ha innhald om flytting, bustad og arbeidsmarknaden. Her sa ordførar Lerøy (Ap) at det er viktig å ha nokon som kan svara i andre enden, dersom ein først skal starta opp ei slik nettside med informasjon.
- Morten Sognnes (H) sa at ein må starta i rett ende, med å snakka med ungdommane om kva som skal til for at dei skal busetta seg i Austrheim. Ser at det mange ungdommar ser etter er tilboda, ikkje minst kollektivtilbodet som er veldig dårleg.
- Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at ein kan ta med til desembermøtet ei sak om konseptet, der ein eventuelt kan legga det ut på anbod etter nyttår.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS - 092/22 - 20.10.2022 - Vedtak:

Orienteringane vert teke til vitande.

093/22: Dispensasjon til Naust på gbnr. 160/94 - Sævrøy

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Austrheim kommune gjev dispensasjon frå kommuneplan plan-id: 2013001 arealsføremål og byggjegrænse i same KPA til omsøkt naust på Lauvøyna.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 11-6.

Saka vert sendt til Statsforvalteren i Vestland for klagevurdering.

20.10.2022 FORMANNSKAPET

Sakshandsamar Christopher Straumøy orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Per Lerøy (Ap) refererte vedtaket.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS - 093/22 - 20.10.2022 - Vedtak:

Austrheim kommune gjev dispensasjon frå kommuneplan plan-id: 2013001 arealsføremaal og byggjegrense i same KPA til omsøkt naust på Lauvøyna.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 11-6.

Saka vert sendt til Statsforvalteren i Vestland for klagevurdering.

094/22: Dispensasjonssøknad Riving av Notbu og oppføring av nytt bygg - Gbnr. 132/9 - Utkilen

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Austrheim kommune gjev dispensasjon frå kommuneplan plan-id: 2013001 og pbl. § 1-8 til omsøkt

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 11-6 og § 1-8.

Saka vert sendt til Statsforvalteren i Vestland for klagevurdering

20.10.2022 FORMANNSKAPET

Sakshandsamar Christopher Straumøy orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Det er "som omsøkt", og ikkje "til omsøkt", til slutt i første setning.

Ordførar Per Lerøy (Ap) refererte vedtaket.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS - 094/22 - 20.10.2022 - Vedtak:

Austrheim kommune gjev dispensasjon frå kommuneplan plan-id: 2013001 og pbl. § 1-8 som omsøkt.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 11-6

og § 1-8.

Saka vert sendt til Statsforvalteren i Vestland for klagevurdering

095/22: Dispensasjon til frådelling og naust - gbnr. 139/7 - Solend

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Austrheim kommune gjev dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplan plan-id: 2013001 og bygge-og deleforbodet i pbl. § 1-8 som omsøkt.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 11-6 og § 1-8.

Saka vert sendt til Statsforvalteren i Vestland for klagevurdering.

20.10.2022 FORMANNSKAPET

Sakshandsamar Christopher Straumøy orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Per Lerøy (Ap) refererte vedtaket.

Handsaming i formannskapet:
Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS - 095/22 - 20.10.2022 - Vedtak:

Austrheim kommune gjev dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplan plan-id: 2013001 og bygge-og deleforbodet i pbl. § 1-8 som omsøkt.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 11-6 og § 1-8.

Saka vert sendt til Statsforvalteren i Vestland for klagevurdering.

096/22: Dispensjon til oppføring av Antennesystem med utstyrhytte - gbnr. 161/12- Bjørnøya

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Austrheim kommune gjev på vilkår dispensasjon frå kommuneplan plan-id: 2013001 og pbl. § 1-8 til

omsøkt antennesystem med utstyrshytte:

1. Det må søkast om og føreligge godkjent igantsettingsløyve før tiltak kan iverksetjast på staden.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 11-6 og § 1-8.

Saka vert sendt til Statsforvalteren i Vestland og Vestland Fylkeskommune for klagevurdering

20.10.2022 FORMANNSKAPET

Sakshandsamar Christopher Straumøy orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Helge Dyrkolbotn (KrF) spurte om det vert avgrensingar i bruken av Bjørnøya med denne installasjonen, her svara Straumøy at det er ikkje vert avgrensingar.

Bjørn Inge H. Dyrkolbotn (Sp) sa at antenna vil vera synleg frå store område, slik den er plassert.

Ordførar Per Lerøy (Ap) refererte vedtaket.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS - 096/22 - 20.10.2022 - Vedtak:

Austrheim kommune gjev på vilkår dispensasjon frå kommuneplan plan-id: 2013001 og pbl. § 1-8 til omsøkt antennesystem med utstyrshytte:

1. Det må søkast om og føreligge godkjent igantsettingsløyve før tiltak kan iverksetjast på staden.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 11-6 og § 1-8.

Saka vert sendt til Statsforvalteren i Vestland og Vestland Fylkeskommune for klagevurdering

097/22: Skulesoge for Austrheim kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Austrheim kommune kan ikkje bere kostnadene med bokprosjektet «Skulesoge for Austrheim kommune»

Det er positivt at sogelaget ønskjer å formidle skulesoga til Austrheim, men Austrheim kommune

kan ikkje bere kostnadene med bokprosjektet «Skulesoge for Austrheim kommune»

20.10.2022 FORMANNSKAPET

foreslått av:

Det er positivt at sogelaget ønskjer å formidle skulesoga til Austrheim, men Austrheim kommune kan ikkje bere kostnadene med bokprosjektet «Skulesoge for Austrheim kommune»

Einingsleiar kultur Kari T. Utkilen orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at det er bra om ein hadde fått det til, men er ikkje mogleg for kommunen å gje støtte i dagens økonomiske situasjon.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at det er ei skulesoge som manglar, men kommunen har ikkje midlar i dag. Håpar sogelaget kan sjå på andre løysingar. Ba om eit tillegg i vedtaket, som viser at formannskapet er positive til ideen om ei skulesoge, og ein tar med dette punktet frå saksutgreiinga: "Det er positivt at sogelaget ønskjer å formidle skulesoga til Austrheim. "

Bjørn Inge H. Dyrkolbotn (Sp) sa at det er bra prosjekt, men kommunen har ikkje midlar.

Morten Sognes (H) sa at ideen er god, men har ikkje midlar no. Sogelaget må sjå på andre løysingar, kanskje kan dei søka om midlar?

Ordførar Per Lerøy (Ap) refererte vedtaket, som vert med eit tillegg.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg, med tillegg, vart samrøystes vedteke

FS - 097/22 - 20.10.2022 - Vedtak:

Det er positivt at sogelaget ønskjer å formidle skulesoga til Austrheim, men Austrheim kommune kan ikkje bere kostnadene med bokprosjektet «Skulesoge for Austrheim kommune»

098/22: Energieffektivisering i kommunale bygg

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Formannskapet i Austrheim gjer følgjande vedtak:

1. I kommunale bygg vert maksimumstemperaturen sett til 20 grader.
2. I idrettshallar vert maksimumstemperaturen sett til 17 grader på speleflater.
3. I garderobar vert maksimumstemperaturen sett til 21 grader.
4. Nordliheimen, Vestlia med unntak av fellesareal, samt enkelte rom på legekantoret er unnateke.

20.10.2022 FORMANNSKAPET

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Helge Dyrkolbotn (KrF) spurte om det vert teke særlege omsyn til barnehage og andre bygg der det er grunn til å ha høgare temperatur enn andre stader. Må vera fleksibel på dette. Her svara kommunedirektør Fjellhaug at det er utfordringar med at ein i enkelte bygg ikkje kan justera varmen rom for rom, men må justera heile bygget. Skal kartlegga dette, og sjå på dei løysingane ein kan bruka. Helge Dyrkolbotn (KrF) repliserte at ein må ha fleksibilitet, og Fjellhaug sa at ein skal ha ein gjennomgang av alle dei kommunale bygga. Må kanskje ta på meir klede, men skal ikkje frysa ut nokon.

Morten Sognnes (H) sa at kommunen ikkje må stoppa med dette, må gå vidare til vindmøller og solceller, og brønner for jordvarme. Her kommenterte ordførar Lerøy at ein ser også på dette, og vidare må jobba med varmekjelder for store bygg som Austrheimhallen, Årås skule og kommunehuset. Kommunen må bytta lyskjelder til led og andre rimelege lyskjelder, for energiforbruket må vesentleg ned i framtida.

Bjørn Inge H. Dyrkolbotn (Sp) sa at dette er meir straumsparing enn energieffektivisering, og då burde saka heitt det. Her svara kommunedirektør Fjellhaug at det er litt begge deler, sidan det også skal investerast noko.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS - 098/22 - 20.10.2022 - Vedtak:

Formannskapet i Austrheim gjer følgjande vedtak:

1. I kommunale bygg vert maksimumstemperaturen sett til 20 grader.
2. I idrettshallar vert maksimumstemperaturen sett til 17 grader på speleflater.
3. I garderober vert maksimumstemperaturen sett til 21 grader.
4. Nordliheimen, Vestlia med unntak av fellesareal, samt enkelte rom på legekantoret er unnateke.

099/22: Kommunedelplan for klima og energi for Austrheim kommune 2022-2032 - Godkjenning

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Kommunedelplan for klima- og energi for Austrheim kommune 2022-2032 datert august 2022 vert godkjent. Grunngevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova si § 11-15.

Kommunedelplan for klima- og energi for Austrheim kommune 2022-2032 datert august 2022 vert godkjent. Grunngevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova si § 11-15.

Formannskapet har tidlegare etterlyst ein eigen klimakonferanse, ein slik konferanse skal arrangerast i løpet av hausten/vinteren.

01.09.2022 FORMANNSKAPET

Utsetting foreslått av: Per Lerøy

Saka vert utsett inntil vidare. Før handsaming skal det arrangerast ein klimakonferanse for politikarane og innbyggjarane, med ulike føredragshaldarar.

Avdelingsleiar Asbjørn Toft orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Per Lerøy (Ap) viste til at dette har vore diskutert politisk. Ønskjer å venta med denne saka til ein har gjennomført ein planlagt lokal "klimakonferanse". Til dette sa Toft at det er viktig å få planen vedteken i løpet av året, med tanke på utbetaling av tilskot til arbeidet, Lerøy sa at det skal vera mogleg å få til.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

FS - 079/22 - 01.09.2022 - Vedtak:

Saka vert utsett inntil vidare. Før handsaming skal det arrangerast ein klimakonferanse for politikarane og innbyggjarane, med ulike føredragshaldarar.

20.10.2022 FORMANNSKAPET

Planen vedteken, med tillegg om klimakonferanse foreslått av: Per Lerøy

Kommunedelplan for klima- og energi for Austrheim kommune 2022-2032 datert august 2022 vert godkjent. Grunngevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova si § 11-15.

Formannskapet har tidlegare etterlyst ein eigen klimakonferanse, ein slik konferanse skal arrangerast i løpet av hausten/vinteren.

Sakshandsamar Christopher Straumøy orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Helge Dyrkolbotn (KrF) viste til at formannskapet ba om ein klimakonferanse før denne planen vart vedteken, her svara ordførar Per Lerøy (Ap) at ein skal leggja inn i vedtaket at ein slik klimakonferanse skal arrangerast i løpet av hausten/vinteren.

Ordførar Per Lerøy (Ap) refererte vedtaket.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke, med tillegg

FS - 099/22 - 20.10.2022 - Vedtak:

Kommunedelplan for klima- og energi for Austrheim kommune 2022-2032 datert august 2022 vert godkjent. Grunngevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova si

§ 11-15.

Formannskapet har tidlegare etterlyst ein eigen klimakonferanse, ein slik konferanse skal arrangerast i løpet av hausten/vinteren.

100/22: Prosjekt - Menn i helse

Kommunedirektøren sitt framlegg:

1. Kommunedirektøren i Austrheim tilrår deltaking i prosjektet *Menn i helse*.
2. Kommunedirektøren anbefala at Austrheim kommune bindar seg til å ta imot minimum to helserekruittar ved kvart opptak.

20.10.2022 FORMANNSKAPET

Konstituert kommunalsjef helse og omsorg, Kim André Vangberg, orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at dette er eit tiltak som kommunen må gå med i, og fekk støtte frå formannskapet til det.

Ordførar Per Lerøy (Ap) refererte vedtaket.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS - 100/22 - 20.10.2022 - Vedtak:

1. Kommunedirektøren i Austrheim tilrår deltaking i prosjektet *Menn i helse*.
 2. Kommunedirektøren anbefala at Austrheim kommune bindar seg til å ta imot minimum to helserekruittar ved kvart opptak.
-

101/22: Tertialrapport andre kvartal

Kommunedirektøren sitt framlegg:

1. Kommunestyret tek driftsrekneskapan for andre tertial til vitande.
2. Kommunestyret tek finansrapporten for andre tertial til vitande.

20.10.2022 FORMANNSKAPET

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes gjekk gjennom saka, jamfør saksutgreiinga. Finansrapporten vart gjennomgått i detalj.

Ordførar Per Lerøy (Ap) spurte om låneopptaket på 22 millionar, om dette er VA. Dommersnes svara at det er er VA, der er investeringane er auka, i tillegg til Husbanken der det ikkje er lånt så mykje til startlån som ein hadde venta.

Helge Dyrkolbotn (KrF) spurte om avviket på fastløn, der det heiter at ein må sjå det i samanheng med vikarar og sjukefråvær. Har ein for mange stillingar? Her svara Odd Harald Dommersnes at kommunen har fleire stillingar enn det er budsjettert for. No er det lagt inn i rutinene at ein har månadleg gjennomgang av at det ikkje er fleire tilsette enn budsjettert for. Største utfordringar med dette er i helse og omsorg.

Ut frå svaret frå Dommersnes sa Dyrkolbotn at det er rart at dette er sett opp mot sjukefråværet, her sa Dommersnes at det kan vera folk som er inne på grunn av sjukefråvær, men der kostnad etter kvart vert ført på fastløn.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at det mellom anna har vore ein praksis der stillingar som har starta med tilskot, har gått over i faste stillingar utan at det er funne budsjettdekning for dette. No har ein sett fokus på dette.

Dommersnes sa at ein kvar månad går gjennom for å sjå om det er dekning for dei enkelte personheimlane, for å sikra at dette er budsjettert.

Dommersnes sa at det enno ikkje har komme midlar frå Staten til dekning av ekstraordinær overtid til Korona-overtid, og tilskot til arbeid med flyktningar. Om Korona-overtid sa ordførar Lerøy at dette skal opp i Stortinget i november, men at signalet er at kommunane kan venta seg å verta litt skuffa.

Dommersnes sa at det er ei utfordring at det vert tatt opp lån til prosjekt utan at prosjekta vert sette i gang, kanskje er det for lite kapasitet i administrasjonen opp mot kva som er vedteke.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at politikarane er utolmodige til å komma i gang med prosjekta, særleg skule. At noko har teke lang tid er ikkje berre kommunen sin feil, er også private som har vore seine i dette arbeidet.

Morten Sognnes (H) sa at det tidlegare er etterlyst at kommunen sine eigne folk gjer meir av arbeidet, sidan ein har kompetente folk innan fleire felt, og vidare burde ein brukt fleire lokale firma.

Helge Dyrkolbotn (Sp) sa seg samd med Morten Sognnes om at det burde vore fleire lokale firma inne, her sa ordførar Per Lerøy (Ap) at det har vist seg at lokale firma har hatt mykje arbeid og difor ikkje har vore interesserte i å levera pris.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at det har vore jobba med å få lokale verksemder til å levera prisar, men det har ikkje vore interesse. Når det gjeld bruken av eigne tilsette er kommunen i ferd med å ta ein større gjennomgang på dette.

Ordførar Per Lerøy sa at det er utfordringar i økonomien, men samstundes er det betring der kommunen no er i ferd med å bygga opp eit disposisjonsfond tilsvarande snittet for andre kommunar.

Ordførar Lerøy refererte vedtaket, der formannskapet kjem med tilråding til kommunestyret.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS - 101/22 - 20.10.2022 - Vedtak:

1. Formannskapet rår kommunestyret til å ta driftsrekneskapen for andre tertial til vitande.
 2. Formannskapet rår kommunestyret til å ta finansrapporten for andre tertial til vitande.
-

102/22: Budsjettjustering andre tertial

Kommunedirektøren sitt framlegg:

1. Kommunestyret godkjenner kommunedirektøren sitt framlegg til budsjettjusteringar på drift med ei auka kostnadsramme på 1 millionar kroner. Den auka kostnaden blir dekkja gjennom at ein aukar budsjettet med tilsvarende beløp på personskatt (inntekts og formue).
2. Kommunestyret godkjenner at det vert teke opp eit låneopptak på 700 000,- kroner for å finansiere oppgradering av Njøten bru.
3. Kommunestyret godkjenner at det vert teke opp eit lån på 700 000, kroner for installere SD-anlegg på fleire av bygga våre for å redusera straumforbruket.

20.10.2022 FORMANNSKAPET

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes gjekk gjennom saka, jamfør saksutgreiinga. Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at dei endringane som er gjort på Kaland-bassenget skal ha ei varigeit på ti år.

Det var diskusjon om utbetringar av kommunal bustad, dette er ein kostnad kommunen tar før bygget vert selt til Austrheim kommunale eigedomsselskap. Kommunedirektør Fjellhaug sa at dette ikkje var med i rapporten over tilstanden på dei kommunale husa som Austrheim kommunale eigedomsselskap skal ta over frå kommunen, og difor er det rett av kommunen å ta denne kostnaden.

Helge Dyrkolbotn (KrF) spurte om kor mange bygg som manglar SD-anlegg, og om det vil gje varig gevinst å gjera desse investeringane. Her svara kommunedirektør Fjellhaug at det skal gje varige innsparingar med denne investeringa.

Bjørn Inge H. Dyrkolbotn (Sp) spurte om ein får brukt midlane i år, her svara Dommersnes at ein vil gjera sitt beste for å komma i gang, og kommunedirektør Fjellhaug sa at det alt er sett i bestilling.

Ordførar Per Lerøy viste til vedtaket.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS - 102/22 - 20.10.2022 - Vedtak:

1. Kommunestyret godkjenner kommunedirektøren sitt framlegg til budsjettjusteringar på drift med ei auka kostnadsramme på 1 millionar kroner. Den auka kostnaden blir dekkja gjennom at ein aukar budsjettet med tilsvarende beløp på personskatt (inntekts og formue).
 2. Kommunestyret godkjenner at det vert teke opp eit låneopptak på 700 000,- kroner for å finansiere oppgradering av Njøten bru.
 3. Kommunestyret godkjenner at det vert teke opp eit lån på 700 000, kroner for installere SD-anlegg på fleire av bygga våre for å redusera straumforbruket.
-

103/22: Konsulentbruk og innkjøp av desse

Kommunedirektøren sitt framlegg:

1. Kommunestyret tek saka til vitande.
2. Kommunedirektøren avgrensar bruk av ekstern kompetanse i så stor grad som mogleg.

20.10.2022 FORMANNSKAPET

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga. Fjellhaug sa at denne saka kunne vore oppe som notat, men det vart valt å ta det som sak.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at han ikkje er mot konsulentar som prinsipp, men må avgrensa det dersom ein kan bruka interne ressursar. Vidare spurte Dyrkolbotn om Bergensavtalen avgrensar moglegheiter for lokale innkjøp, her svara kommunedirektør Fjellhaug at det er rammeavtalar på enkelte felt, men andre felt der ein står meir fritt. Uansett er det slik at ein må ha Bergensavtalen eller eigne anbod dersom ein kjem over terskelnivået for krav til utlysing av innkjøp.

Det var semje i formannskapet om at ein ønskjer meir konkret informasjon om kva konsulentar er brukte til.

Ordførar Per Lerøy (Ap) refererte vedtaket.

Handsaming i formannskapet:
Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS - 103/22 - 20.10.2022 - Vedtak:

1. Kommunestyret tek saka til vitande.
 2. Kommunedirektøren avgrensar bruk av ekstern kompetanse i så stor grad som mogleg.
-

104/22: Politisk styringsmodell for Austrheim kommune kommunestyreperioden 2023-2027

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Kommunestyret vedtek følgjande:

1. Dagens styringsmodell held fram i kommunestyreperioden 2023-2027.
2. Det vert 17 medlemmar i Austrheim kommunestyre.
3. Budsjettkonferanse og temamøter vert vidareført.
4. Kommunedirektøren skal årleg leggje fram ein rapport for kommunestyret som viser status på alle vedtak kommunestyret har fatta dei siste tolv månadene.
5. Det vert gjennomført ei evaluering av den politiske styringsmodellen i løpet av neste kommunestyreperiode.

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera slik vedtak:

1. Det vert 17 medlemmar i Austrheim kommunestyre.
2. Resten av saka om styringsmodell for Austrheim kommune vert oversendt til gruppeleiarforum, slik at dei kan handsama denne, gjera ei evaluering og komma med ei innstilling til kommunestyret.

20.10.2022 FORMANNSKAPET

Oversending til gruppeleiarforum foreslått av: Per Lerøy

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera slik vedtak:

1. Det vert 17 medlemmar i Austrheim kommunestyre.
2. Resten av saka om styringsmodell for Austrheim kommune vert oversendt til gruppeleiarforum, slik at dei kan handsama denne, gjera ei evaluering og komma med ei innstilling til kommunestyret.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Per Lerøy (Ap) refererte vedtaket.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS - 104/22 - 20.10.2022 - Vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera slik vedtak:

1. Det vert 17 medlemmar i Austrheim kommunestyre.
 2. Resten av saka om styringsmodell for Austrheim kommune vert oversendt til gruppeleiarforum, slik at dei kan handsama denne, gjera ei evaluering og komma med ei innstilling til kommunestyret.
-

105/22: Møteplan for 2023

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Formannskapet rår kommunestyret til å vedta møteplanen slik den ligg føre i saksutgreiinga.

Formannskapet rår kommunestyret til å vedta møteplanen slik den ligg føre i saksutgreiinga.

Spørjetime i kommunestyret vert 13. april og 26. oktober.

18.10.2022 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Handsaming i RMNF:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

RMNF - 026/22 - 18.10.2022 - Vedtak:

RMNF rår kommunestyret til å vedta møteplanen slik den ligg føre i saksutgreiinga.

18.10.2022 ELDRERÅDET

Reidar Øksnes sa at sidan det er felles møtedag for Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF) og Eldrerådet, så er det naturleg at orienteringar om planar og liknande vert teke felles for begge råda.

Handsaming i Eldrerådet:
Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke

ER - 019/22 - 18.10.2022 - Vedtak:

Eldrerådet rår kommunestyret til å vedta møteplanen slik den ligg føre i saksutgreiinga.

20.10.2022 FORMANNSKAPET

Spørjetime som tillegg foreslått av:

Formannskapet rår kommunestyret til å vedta møteplanen slik den ligg føre i saksutgreiinga.
Spørjetime i kommunestyret vert 13. april og 26. oktober.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Spørjetime i kommunestyret vert 13. april og 26. oktober.

Ordførar Per Lerøy (Ap) refererte vedtaket.

Handsaming i formannskapet:
Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS - 105/22 - 20.10.2022 - Vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å vedta møteplanen slik den ligg føre i saksutgreiinga.
Spørjetime i kommunestyret vert 13. april og 26. oktober.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
108/22	Formannskapet	PS	03.11.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	22/1135

Orienteringssak

Framlegg til vedtak:

Formannskapet tek orienteringane til vitande.

Saksopplysninger:

Eventuelle orienteringar ved kommunedirektøren.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
109/22	Formannskapet	PS	03.11.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Odd Harald Dommersnes	FE-150	22/1129

Kommunedirektøren sitt framlegg til Handlings- og økonomiplan 2023-2026 og budsjett 2023

Framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren sitt framlegg til [Handlings- og økonomiplan 2023-2026 \(framsikt.net\)](#) (HØP 23-26) vert lagt ut på høyring. Høyringsfrist vert sett til 25. november. Kl.12.00

Saksopplysninger:

Bakgrunn.

Utdrag frå kommunelova.

§ 14-3. Behandling av økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning

Økonomiplanen for de neste fire årene og årsbudsjettet for det kommende året skal vedtas før årsskiftet. Årsregnskapene og årsberetningene skal vedtas senest seks måneder etter regnskapsårets slutt. Hvert årsregnskap skal behandles samtidig med tilhørende årsberetning. Vedtaket om årsregnskap skal angi hvordan et eventuelt merforbruk i driftsregnskapet skal dekkes inn.

Formannskapet eller fylkesutvalget innstiller til vedtak om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning. Kontrollutvalget skal uttale seg til kommunestyret eller fylkestinget om årsregnskapene og årsberetningene før formannskapet eller fylkesutvalget innstiller til vedtak. I kommuner og fylkeskommuner med parlamentarisk styreform innstiller kommunerådet eller fylkesrådet til vedtak.

Innstillingen til økonomiplan og årsbudsjett, med alle forslag til vedtak som foreligger, skal offentliggjøres minst 14 dager før kommunestyret eller fylkestinget behandler den. Dette gjelder ikkje for innstillinger om endring i vedtatt økonomiplan eller årsbudsjett.

Økonomiplanen, årsbudsjettet, årsregnskapene, årsberetningene og saksdokumentene fra det innstillende organet skal sendes departementet til orientering. Dette gjelder også revisjonsberetningen og kontrollutvalgets uttalelser til årsregnskapene og årsberetningene.

Departementet kan gi forskrift om frister for disse oversendelsene.

§ 14-4. Økonomiplan og årsbudsjett

Økonomiplanen skal vise hvordan langsiktige utfordringer, mål og strategier i kommunale og regionale planer skal følges opp.

Økonomiplanen og årsbudsjettet skal vise kommunestyrets eller fylkestingets prioriteringer og bevilgninger og de målene og premissene som økonomiplanen og årsbudsjettet bygger på. De skal også vise utviklingen i kommunens eller fylkeskommunens økonomi og utviklingen i gjeld og andre vesentlige langsiktige forpliktelser. Vedtaket om årsbudsjett skal angi hvor mye lån som skal tas opp i budsjettåret.

Økonomiplanen og årsbudsjettet skal settes opp i balanse og være realistiske, fullstendige og oversiktlige.

Økonomiplanen skal deles inn i en driftsdel og en investeringsdel. Årsbudsjettet skal deles inn i et driftsbudsjett og et investeringsbudsjett og stilles opp på samme måte som økonomiplanen.

Økonomiplanen kan inngå i eller utgjøre kommuneplanens handlingsdel etter plan- og bygningsloven § 11-1 fjerde ledd.

Departementet kan gi forskrift om bevilgningsoversikter, økonomiske oversikter og oversikter over utviklingen i gjeld

Vurdering

Budsjett og økonomiplan for 2023 –2026 blir vedteke på rammenivå og har fokus på resultat og tenester i langt større grad enn på administrativ organisering av kommunen. Ei viktig målsetjing med budsjettet er også å synleggjere sammenhengen mellom langsiktige mål i kommuneplanen, via budsjett og økonomiplan og ned til dei einskilde tiltak og investeringar. Då vil vi klare å styre utviklinga mot å nå målet som er å gjere Austrheim til ein kommune der det er godt både å bu og å virke i. Om vi endrar forma på planen/dokumentet, så endrar vi ikkje på den grunnleggjande tanken om at kommunedirektøren sitt mål er å sikre innbyggjarar og næringsliv dei beste tenestene det er råd å levere med dei resursane vi har til rådvelde slik kommunestyret vedtek rammene og ressurstilfanget.

Økonomiske måltal er eit viktig verktøy for å styre kommunen sin økonomi i ønska retning. Måltala er førande for budsjett og økonomiplan, men kan fråvikast einskilde år. Vi ser at vi i økonomiplanperioden har netto driftsresultat som ikkje oppnår måtalet for netto driftsresultat.

Endringar på verdsbasis og her heime syner at ei lågare vekst i økonomien gjev grunn for å syne atterhald økonomisk og ikkje vente seg høg vekst i den nasjonale og kommunale økonomien. Sjølv om vi no startar ei ny reise inn i eit nytt år, opplever vi at koffertane på mange måtar er pakka frå før. Tidlegare vedtak og prioriteringar gjev føringar i den nye økonomiplanen og i budsjettet for 2023.

Dette tyder at vi må omstille oss i åra som kjem. Det som gjev størst effekt, men det som samstundes oftast er vanskelegast å gjennomføre, er strukturendringar, altså t.d. leggje ned ei ikkje lovpålagt

teneste eller stenge ei avdeling på ein sjukeheim. Problemet med strukturendringar er at dei ofte står i motsetnad til andre politiske målsetjingar og at dei skapar stor motstand når dei skal gjennomførast. Ein annan måte å redusere kostnader på er å levere eit lågare tenestnivå eller å auke eigenbetalinga for dei eksisterande tenestene. Døme på dette kan vere standarden på kommunale vegar, endre kriteria for tildeling av tenester, kulturskuletilbod eller SFO-satsar. Også denne type tiltak kan vere politisk kostbare å gjennomføre. Den tredje måten å redusere kostnader på er å effektivisere organisasjonen og prosessane. Målet med dette er å levere minst like gode tenester som i dag, men til ein lågare kostnad. Dette er den enklaste måten å vedta politisk, og påverkar brukarar i mindre grad, men tilsette i større grad. Ved å endra måten ein organiserer arbeidet eller korleis ein utfører arbeidet kan ein oppnå innsparingar. Å skapa brei oppslutnad rundt slike endringar og å faktisk klara å hente ut gevinstar krev dyktig leiarskap på alle nivå, men oppgåva er overkommeleg så lenge ein viser stort tolmod. Godt utøvd leiarskap og godt samarbeid er nøkkelen for å lukkast med det meste av målsetjingar i organisasjonen. Å investera i å utvikla godt leiarskap i Austrheim kommune vert difor ei viktig prioritering for kommunedirektøren.

For å sikre økonomisk handlefridom har det i Austrheim dei siste åra vorte gjennomført innsparing både i fjor og i framlegg til neste års budsjett og vidare i økonomiplanperioden. Der er store investeringsbehov i kommunen i dei komande åra. Kommunestyret vil i åra framover måtte prioritere mellom investeringar ein må gjere og investeringar ein ønskjer å gjere. Kommunedirektøren vil signalisere at den auka kostnaden som følgjer av desse investeringane ikkje kan berast i dei komande åra utan at dette får konsekvensar for drifta på andre områder. Dette vil ein måtte handtere i komande budsjett og økonomiplanar.

Kommunestyret avgjer rammene i kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett og økonomiplan 2023-2026, medan kommunedirektøren gjev sine tilrådingar om driftsrammer og utvikling av tenestene. Gjennom kommunestyret si handsaming av saka er det deira prioriteringar og vedtak som fastset kommunen sine mål og rammer for perioden 2023-2026 og legg føringar for korleis vi skal møte framtida saman.

Framlegget til årsbudsjett og økonomiplan for 2023-2026 vert lagt fram digitalt og gjennom Framsiktløysinga. [Handlings- og økonomiplan 2023-2026 \(framsikt.net\)](#)

Formannskapet legg ut kommunedirektøren sitt framlegg til handlings- og økonomiplan 2023-2026 (HØP 23-26) på høyring med høyringsfrist 25.november kl 1200. Formannskapet handsamar høyringsinnspela i møte 01. desember og gjev innstilling til kommunestyret som endeleg vedtek HØP 2023-2026 og budsjett 2023 i møte 15. desember 2022.

Konklusjon

Kommunedirektøren tilrår følgjande innstilling:

Kommunedirektøren sitt framlegg til [Handlings- og økonomiplan 2023-2026 \(framsikt.net\)](#) (HØP 23-26) vert lagt ut på høyring. Høyringsfrist vert sett til 25. november. Kl.12.00